

Reguleringsføresegner

Detaljregulering Fv. 450 Vrengen bru

Tokke kommune

PlanID: 20240001

Datert: 08.05.2026

1. Føremålet med planen

Føremålet med reguleringsplanarbeidet er å sikre areal for å utbetre dagens vegstrekning, og etablere ny kryssning av bekken til erstatning for eksisterande bru.

2. Reguleringsføresmål

Reguleringsføresegnene gjelder for regulert område som er vist med plangrense i plankartet i målestokk 1:1000 datert 08.05.2026

Området blir regulert til følgjande føremål:

AREALFØREMÅL, jfr. Plan- og bygningsloven (pbl) § 12-5

- Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 12-5 nr. 2)
 - Køyreveg (felt o_KV og f_KV)
 - Annen veggrunn – grøntareal (o_AVG og f_AVG)
- Landbruks-, natur- og friluftsføresmål samt reindrift (pbl § 12-5 nr. 5)
 - Landbruks-, natur- og friluftsføresmål samt reindrift med spreidd bustadbygging (LSB).
- Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (pbl § 12-5 nr. 6)
 - Friluftsområde i sjø og vassdrag (FLV)

OMSYNSSONER, jfr. Pbl §§ 12–6

- Flomfare (H320)
- Høgspenningsanlegg (inkludert høgspenningskablar) (H370)
- Bevaring kulturmiljø (H560)

FØRESEGNOMRÅDER, jfr. pbl § 12–7

- Bruk av arealer (pbl § 12–7 nr.1)
 - Mellombels byggje- og anleggsområde (#1)

3. Fellesføresegner for heile planområdet

3.1. Kulturminne (pbl § 12-7 nr. 6)

Om det viser seg når arbeidet er i gang at det kan verke inn på eit automatisk freda kulturminne, skal Telemark fylkeskommune bli kontakta og arbeidet skal bli stansa i den utstrekkinga det kan røre kulturminnet. Kulturminnestyresmaktene avgjer snarast mogleg – og seinast innan 3 veker – om arbeidet kan halde fram og vilkåra for det. Fristen kan forlengjast når særlege grunnar tilseier det (jf. Kulturminneloven § 8, andre ledd).

3.2. Offentleg formål eller fellesareal (pbl § 12-7 nr. 14)

Areal som er vist med eigarform o_, er offentlege føremål. Areal som er vist med eigarform f_, er felles privat føremål for fleire eigedommar.

3.3. Plan for ytre miljø

Det skal utarbeidast ein ytre miljø-plan (YM-plan) før oppstart av byggjearbeid. YM-planen skal byggje på tilrådingar og utgreiingar som er gjort av fagkunnige.

3.4. Inngrep i vassdrag og kantvegetasjon

Ved fysiske inngrep i vassdrag skal det føreligge løyve etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag. For inngrep i kantsona til vassdraget skal det føreligge løyve etter Vannressurslova.

4. Føresegner til arealføremål

4.1. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 12-5 nr. 2)

Føremålsgrensene mellom arealføremåla «Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur» kan justerast i samband med detaljprosjektering/byggteknisk plan. Det føreset at endringane ikkje medfører dårlegare trafikksikkerheit, dårlegare framkomst eller dårlegare estetiske kvalitetar enn vist i reguleringsplanen.

Veglinjene som er vist i kartet er rettleiande og kan justerast innanfor formål til veggrunn.

Køyreveg (o_KV1 – o_KV2)

Område o_KV blir nytta til offentleg køyreveg, både eksisterande og ny. Føremålet omfattar køyrefelt, bru, skuldrer og rekkverksrom.

Køyreveg (f_KV1)

Område f_KV blir nytta til ny felles privat veg.

Område f_KV1 er felles veg for eigedommane 35/11, 35/23, 35/32, 35/1, 30/4, 35/15, 30/2, 30/7 og 30/6.

Annan veggrunn – grøntareal (o_AVG og f_AVG)

Området skal nyttast til sideområde til veg, slik som grøfter, murar, skjeringar med sikkerheitssoner, siktsoner, skjerings- og fyllingsskråningar, andre sikringstiltak, terrengarrondering, bekkeomlegging og elles relevante sideområde tilhøyrande offentleg eller felles privat veg. Formålet kan nyttast til køyreveg dersom det totale vegarealet med sideterreng blir bygd innanfor areal regulera til Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur.

Vegetasjonen skal tilpassast karakteren til dei tilgrensande areala. Det skal leggjast vekt på estetikk og kvalitet ved planlegging og opparbeiding av areala. Ny vegetasjon bør vera stadeigen. Terrenginngrep i samband med veganlegg skal skje mest mogleg skånsamt.

Område o_AVG skal nyttast til sideområde for offentleg veg.

Område f_AVG skal nyttast til sideområde for felles privat veg.

Frisikttlinjer

Hovudvegens køyrebane, sett frå avkøyrse og sekundærvæg, skal vere synleg i heile sikttrekanten. I sikttrekanten skal sikthindringar ikkje vere høgare enn 0,5 m over køyrebanenivå.

4.2. Landbruks-, natur- og friluftsføremål og reindrift (§ 12-5 nr. 5)

Landbruks-, natur- og friluftsføremål og reindrift med spreidd bustadbygging (LSB)

Områda skal nyttast til tradisjonelt jordbruk, skogbruk og landbruksareal. Det er høve til spreidd bustadbygging i tråd med gjeldande arealdel i kommuneplan.

Byggegrense mot veg

Byggegrense mot veg er til ein kvar tid gjeldande avstand i Lov om vegar (veglova)

4.3. Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (§12-5 nr. 6)

Friluftsområde i sjø og vassdrag (FLV)

Områda markert med FLV omfattar vassdrag knytt til omkringliggande landbruk-, natur- og friluftsføremål. Gjeldande lovar og forskrifter om inngrep i vassdrag skal følgjast.

5. Føresegner til omsynssoner

Sikrings-, støy- og faresoner (pbl § 12-6)

Flaumfare (H320)

Areala kan bli råka av flaum. Det skal ikkje byggast eller gjerast tiltak i omsynssona som er til hinder for flaumvegen.

Høgspent (H370)

Omfattar omsynssone for høgspent. Det er ikkje tillate med arbeid innanfor omsynssona utan løyve frå netteigar.

Bevaring naturmiljø (H560)

Naturtypen «Eng-aktig sterkt endret fastmark» inneheld førekomstar av Systemarihand. Det er ikkje tillate med inngrep i omsynssona utan dispensasjon frå forskrift om freding av trua artar kapittel III.

6. Føresegner til føresegnsområde (pbl §12-7)

Mellombels byggje- og anleggsområde #1 (pbl §12-7 nr 1)

Område skal nyttast som mellombels anleggsområde og mellombels riggområde, jf. Plan- og bygningsloven § 12-7 nr.1. Områda kan nyttas til verksemd som er nødvendig for å få bygd veganlegget i samsvar med planen. I områda kan det bli bygd anleggsvegar, riggområde og mellombels lagring av jord- og steinmassar og utstyr.

Etter at byggearbeida er avslutta skal områder sett av til bygge- og anleggsområde vere sett i stand, og ført tilbake til underliggjande arealføremål. Det skal i størst mogleg grad setjast tilbake i den standen det var før anleggsarbeida starta. Føresegnsområdet byggje- og anleggsområde blir avslutta når anleggsarbeidet blir avslutta.